

Husnes og Holmedal sokneråd, Klubbavikjo 9, 5151 Valen

ÅRSMELDING FOR 2020

Soknerådet har i 2020 hatt følgjande medlemmar:

Leiar: Liv Slettemark

Nestleiar : Laila Eiren Bjelland Broks

Skrivar: Kjersti Løseth

Medlemar: Kristine Nodland Hellås, Kari Marie Thorkildsen, Cort Holtermann, Elisabeth Blokkum, Anita Åkre.

I perioden 010120- 300820 representerte prost Svein Arne Theodorsen prestane i soknerådet.

Deretter overtok vikarprest Åse Selsvold .

Varamedlemar: Toril Byrkjeland Tjelmeland (har møtt fast), Leiv Håkon Kaldestad , Lars Erik Skåtun, Selma Andrea Ynnesdal og Marie Radha Larssen

Soknerådet sitt faste medlem i Fellesrådet: Liv Slettemark. Vara: Toril Byrkjeland Tjelmeland

Kasserar: Lars Kroka

Revisor: KPMG

Etter å ha vore utan prest ein periode(etter fleire utlysingar) vart Åse Selsvold tilsett som vikarprest ut 2021. Ho er under utdanning til prest. Ho tok til i stillinga 1. august til stor glede for kyrkjelyden.

Arbeid i soknerådet:

Soknerådsmøta har vore halde på kyrkjekontoret i Valen og i Valen kyrkje . Det har vore halde 7 soknerådsmøte og rådet har handsama 51 saker. Pga korona har planlagte møte i mars, april, mai og november gått ut.

Soknerådet har i perioden hatt tre arbeidsgrupper:

Planlegging av kveldssamlingar: Toril Byrkjeland Tjelmeland, Kristine Nodland Hellås og Liv Slettemark

Arbeidsgruppe for diakoniplan (frå september): Kari Marie Thorkildsen, Laila Broks og Toril Langeland (frå staben)

Administrera kyrkjevertordninga (frå september): Kjersti Løseth og Laila Eiren Bjelland Broks

Staben på kyrkjekontoret nyttar soknerådet til ulike støttefunksjonar ved ulike tilstellingar for barn/ungdom.

Av konkrete saker har me i 2020 starta arbeidet med å laga lokal diakoniplan, noko som er pålagt.

Soknerådet har hatt diskusjonar kor vidt me skal halda fram med kyrkjelydsbladet. Denne saka er oversendt Fellesrådet med spørsmål om det kan vera ynskjeleg med felles blad for alle sokneråda.

Pga manglande ressursar har ikkje bladet kome ut i 2020.

Vedk. konsertar og spørsmål om honorar til utøvarane: Er det ynskjeleg med fastsette takstar. Denne saka er og oversendt til Fellesrådet.

Elles arbeid med dei ulike temakveldane soknerådet har arrangert.

Nokre av konsertane organistane har arrangert har me vore medarrangør.

Temakveldar:

30.01: «Kravlaus kvardagsmenneske og Djuptenkt diktar» Olav H. Hauge v/ ArneSørheim

27.02: «Faste i vår tid» v/ Svein Arne Theodorsen

03.03: « Han innante» v/ Torolf Nordbø

24.09: Kveldsgudsteneste v/ Åse Selsvold

29.10 : Temakveld/konsert : John Inge Rolfsnes

I etterkant av tema vart det servert enkel kveldsmat.

Det var planlagt 2 andre temakveldar som fall ut pga korona. Oppmøte har vore varierende frå 20-70.

Konsertar:

20.01. Nyttårskonsert Valen kyrkje. v/ Eva Megyesi, Norsaaang, Høyåker Musikkorps, Kiril Zimin, Jan Ove Totland, Reidar Ådnanes, Kjersti Boge , kristine Hestad

31.08. Sommarkonsert v/Glimrah. Fleire konsertar vart avlyste pga korona, m.a julekonsertane.

Nattcafe:

Nattcafe for ungdomar på Husnes bedehus har kun hatt 8 samlingar med i snitt 20 personar til stades. Den årlege nattcup vart avlyst.

Pizzakveldar:

Kun eit arrangement i januar. Her var ca 100 personar til stade. God stemning.

Sikval:

2 samlingar i 2020 med til saman 118 til stades.

Trusopplæring:

Babysong vart gjennomført annakvar veke i Valen kyrkje fram t.o.m. slutten av februar.

Mini-musikal om Noah (1-3 år) vart gjort om til ei digital sending frå Uskedalen kyrkje og strand. Det var liten respons på tilbodet om å motta boka i etterkant. Uvisst kor mange som såg sendinga.

6-åringane fekk eigne samlingar i Valen kyrkje på kvardagar. Dei fekk velje mellom 3 datoar i september, etter kva skule dei går på. Vi la opp til fleire samlingar, med færre barn på kvar samling. Her var det godt oppmøte.

4-åringane vart inviterte i små grupper til Valen kyrkje i oktober. Igjen fordelte vi samlingane på fleire kveldar. Det same vart gjort for 5-åringane i november.

7-8 åringane vart inviterte til Superhelt-gudsteneste med fokus på Kirkens Nødhjelp i midten av mars. Denne vart avlyst.

Tårnagentar for 9 åringar fekk ikkje ha si helg som var planlagt i mars.

11 åringane deltok på KodeB i januar. Her var barn frå nesten heile kommunen inviterte. Vi hadde ein kjekk dag ilag i Valen kyrkje.

12 åringane sin kyrkjekino «Narnia» i Uskedalen vart avlyst i november.

For 13 åringane har vi planar om ein pilgrimstur til Fjelberg kyrkje i august. Dette fekk vi ikkje prøvd ut i 2020.

14 åringane (med foreldre) fekk brev med invitasjon til å melda seg på til konfirmantundervisning. Det vart ikkje halde møte for dei.

Sjølve konfirmasjonane vart gjennomførte i september.

Økonomi:

Dette året har det vore mindre både inntekter og utgifter. Økonomien er tilfredstillande. Viser her til rekneskap for 2020.

Årets fasteaksjon til Kirkens nødhjelp var digital og er difor ikkje med i rekneskapet. Det kom inn kr. 38670,-

Gudstenesteliv:

Dette året har vore prega av mange avlyste gudstenester og andre arrangement pga korona. Ein har arrangert nokre digitale gudstenester/andakter. Mange i soknet ber borna til dåp. Då møter familie og venar til gudstenesta. Gudstenester utan dåp er lite besøkt og mest utan innslag av yngre. Her har me ei utfordring. Viser elles til eigen statistikk for gudstenester.

Husnes, 28. januar 2021

For Husnes og Holmedal sokneråd

Liv Slettemark
leiar